



FJORD NORGE AS
Torggaten 3
5014 BERGEN

Dato: 14.03.2017
Vår ref.: 2014/19680-14
Saksbehandlar: mardixo
Dykkar ref.:

Fylkesbudsjettet for 2017 - Tildeling av kr 3.000.000,- i næringsretta partnerskapsmidlar for 2017

I fylkeskommunen sitt budsjett for 2017 er det sett av kr 12,298 mill kr på budsjettposten «Næringsretta partnerskapsmidlar». I tillegg blir det nytta kr 2,99 mill. kr av budsjettet i Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland (HNN 2017) til næringsretta partnerar. Fordeling av støtte til partnerar som fekk fornya si støtte i 2017 vart handsama av fylkesutvalet 22.02.2017 (PS 45/2017). Totalt får 23 partnerar og utviklingsaktørar støtte frå fylkeskommunen i 2017. Den politiske saka finn de [her](#).

I denne saka blei det gjort vedtak om at Fjord Norge AS skal få kr 3.000.000 i partnerskapsmidlar for 2017 over fylkeskommunen sin budsjettpost «Næringsretta partnerskapsmidlar». Vi viser også til gjeldande avtale om partnerskap frå 2016.

I sin vurdering av partnerskapsmidlar til dykk peikte fylkesrådmannen på at avtala med Fjord Norge er ei felles partnerskapsavtale med Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal fylkeskommunar.

Dei tildelte partnerskapsmidlane til Fjord Norge AS frå Hordaland fylkeskommune skal nyttast i tråd med gjeldande avtale, med dei krav til rapportering som er sett der.

I tråd med avtala mellom Fjord Norge og fylka, kan 80 % av partnerskapsmidlane for 2017 bli utbetalt når handlingsplan for 2017 er sendt inn til. Resterande 20 % blir utbetalt når sluttrapportering er gjort i tråd med avtala. Vi minner særleg om at det skal gå tydeleg fram i rapporteringa at midlane frå Hordaland fylkeskommune er nytta til den ikkje-kommersielle delen av Fjord Norge AS sine aktivitetar.

For utbetaling av tilskot, må de sende ein elektronisk faktura(EHF) til Hordaland fylkeskommune. Fakturaen skal være utan mva.

Send faktura til Hordaland fylkeskommune

- Elektroniske fakturaadresse: 9908:938626367
- Aksesspunkt: Visma

NB! Faktura tilsendt pr. post eller e-post blir returnert.

Merking av faktura

- **Deres referanse** er eit obligatorisk felt i EHF-standarden. Vi nyttar eit femsifra ansattnummer for at din faktura skal gå automatisk på flyt til rett mottakar.
- **Deres referanse** i xml-fila: AccountingCustomerParty/Party/Contact/ID

ANSATTNUMMER: 11999

EPHORTENUMMER: 2014/19680

For utfyllande informasjon sjå:

<http://www.hordaland.no/nn-NO/om-oss/innkjop-og-faktura/>

Som mottakar av partnerskapsmidlar har de ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt partnerskapsmidlar skal betalast attende snarast.

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane blir forvalta i samsvar med vilkåra for støtte frå fylkeskommunen. De pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak som det vert klaga på, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjent med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson er Marta Rongved Dixon, telefon 911437674, e-post marta.dixon@hfk.no.

Som partner ønskjer vi dykk lykke til arbeidet med å realisera mål, strategiar og prioriterte innsatsområde for næringsutvikling i Hordaland slik det går fram av vår partnerskapsavtale, dette tildelingsbrevet og HNH 2017.

Bård Sandal
Fylkesdirektør regional utvikling

Arthur Arnesen
Konst. næringssjef

Kopi: - Regionalavdelinga v/økonomi: 10.160.308

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.